

# Årsmelding for 2024 frå skriftstyret i Vestnes Sogelag

Skriftstyret for 2024 har bestått av Tordis Sivertsen (leiar), Jørn Inge Frostad og Åse Gjelstenli Vollan. I tillegg har Tove Eikrem gjort ein viktig korrekturjobb med artikkelen om Mali Furunes.

Vi starta arbeidet i slutten av januar og har gjennom året hatt ni møter. Vi nyttar framleis Dropbox, som vi synest er eit godt system å arbeide i. Dette er også verktøyet vi nyttar til å kommunisere med trykkeriet. Erfaringane våre med Interface Media AS i arbeidet med årsskriftet for 2023 var veldig gode, og vi har nytta same trykkeri også i 2024. Dei er veldig konkurransedyktige på pris, og vi er godt nøgde med kommunikasjonen og samarbeidet.

Vi har nok ein gong hatt mange dyktige skribentar som har levert stoff til oss. Årets bok inneheld 19 artiklar frå 18 forfattarar. Ein god del av desse har skrive for sogelaget tidlegare, men nokre er også nye. Dette er positivt, og vi håper det kan vere til inspirasjon for endå fleire nye forfattarar. I år har vi også for første gong – trur vi – hatt forfattarar frå England. Artiklane deira blei omsett til nynorsk av Jørn Inge.

Den store tilgangen på interessant og godt stoff førte til at utgjevinga i 2024 vart den mest omfattande i sogelaget si historie, på heile 304 sider. På toppen av dette har vi til overs tre artiklar på til saman 50 sider, som vi planlegg å ha med i 2025-utgåva. Blant desse er ein artikkel av avdøde Martinus Løvik.


Årsskriftet er blitt godt motteke, og det er per i dag kun 17 bøker att på lageret. Vi bestilte eit opplag på 600 eksemplar. Trykkeriet sender alltid nokre ekstra bøker i tilfelle nokon ikkje er som dei skal, så det totale antalet vi fekk tilsendt var 627 eksemplar. Om lag 310 av desse har gått til sogelaget sine medlemmar, medan 100 gratis eksemplar har gått til til skriftstyret, forfattarar, aviser, skular og institusjonar. Dei heile 40 sponsorane våre har i tillegg fått to eksemplar kvar. Dei resterande bøkene er hovudsakleg seld hos Norli på Alti Vestnes.

Vi vil takke alle bidragsytarar for godt og konstruktivt samarbeid. Vi er svært takksame for at så mange vil bidra med stoff til årsskriftet. Samtidig tek vi også gjerne imot nye forfattarar! Om nokon har gode idéar utan å ville skrive sjølv, kan dei kome med idéen til oss, så ser vi om vi finn nokon som kan ta på seg oppgåva.


Sist – men ikkje minst – vil vi takke Vestnes kommune og alle dei næringsdrivande som har støtta utgjevinga av årsskriftet. Utan dykk hadde dette ikkje vore mogleg.

Vestnes 15.02.25

Tordis Sivertsen



Jørn Inge Frostad



Åse Gjelstenli Vollan

